



# Permisjonsreglement for tilsette

Vedteke av Formannskapet 11. Februar 2019 sak 023/19  
Vedteke av Kommunestyret 5. mars 2019 sak 007/19

## Innhald

<b>1. Omfang - lønsansiennitet – feriepengar og pensjonsmedlemskap .....</b>	<b>3</b>
1.1 Omfang .....	3
1.2 Lønsansiennitet.....	3
1.3 Feriepengar.....	3
1.4 Pensjonsmedlemskap.....	3
<b>2 Velferdspermisjonar .....</b>	<b>4</b>
2.1 Generelt .....	4
2.2 Alvorleg sjukdom.....	5
2.3 Dødsfall .....	5
2.4 Tilvenning av barn i barnehage.....	5
2.5 Fylgje av barn til fyrste skuledag.....	5
2.6 Eige bryllaup .....	6
2.7 Andre velferdspermisjonar .....	6
2.8 Feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar .....	6
2.9 Deltaking i hjelpekorps.....	6
<b>3 Permisjon for utføring av tillitsverv/ombod .....</b>	<b>7</b>
3.1 Offentlege tillitsverv.....	7
3.2 Offentlege tillitsverv på heil tid .....	7
3.3 Politisk arbeid - nominasjonsmøte .....	7
3.4 Tillitsverv /stilling i arbeidstakarorganisasjonar.....	7
3.5 Andre tillitsverv (humanitære, religiøse eller andre organisasjonar) .....	8
<b>4 Permisjon for andre formål.....</b>	<b>8</b>
4.1 Overgang til ny stilling i Sør-Fron kommune eller interkommunalt selskap i regionen....	8
4.2 Ny stilling utanfor kommunen.....	8
4.3 Permisjon utan løn etter 10 års fast tilsetting.....	9



<b>5</b>	<b>Permisjonar med heimel i Arbeidsmiljølov og Hovudavtale .....</b>	<b>10</b>
5.1	Generelt .....	10
5.2	Adopsjon .....	10
5.3	Rett til fri med løn for svangerskapskontroll.....	10
5.4	Rett til fri med løn for amming.....	10
5.5	Retningsliner for svangerskapspermisjon utan løn.....	10
5.6	Permisjon ved barns – og barnepassar sin sjukdom.....	11
5.7	Rett til redusert arbeidstid – AML § 10-2, pkt 4 .....	11
5.8	Redusert arbeidstid av helsegrunnar.....	12
5.9	Permisjon ved langvarig sjukdom .....	12
5.10	Pleie av nære pårørande i heimen ved slutten av livet.....	13
5.11	Tillitsvaldopplæring med heimel i Hovudavtala (HA) .....	13
5.12	Deltaking i forhandlingar og møter i vedtektsfesta organ .....	13
<b>6</b>	<b>Utdanningspermisjon / kompetanseheving .....</b>	<b>14</b>
6.1	Søknadsfrist og dekking av utgifter ved utdanningspermisjon .....	14
6.2	Bindingstid.....	15
6.3	Fagprøve på grunnlag av allsidig praksis i faget .....	15
6.4	Fagkurs, møter, seminar, konferansar o.l.....	16
<b>Generelt.....</b>	<b>.....</b>	<b>17</b>
6.5	Søknadsprosedyre.....	17
6.6	Tvist om forståelsen av reglementet .....	17
6.7	Revisjon av reglementet m.m. ....	17



# 1. Omfang - lønsansiennitet – feriepengar og pensjonsmedlemskap

## 1.1 Omfang

Sjå Hovudtariffavtalen (HTA) kap.1, §1.

Reglementet gjeld alle kommunale arbeidstakarar i eit fast arbeidsforhold.

Deltidstilsette får permisjon i høve til storleiken på stillinga si.

Reglementet gjeld også for arbeidstakarar med tidsavgrensa tilsetting, som blir omfatta av Hovudtariffavtalen § 1.

For å få rett til løna velferdspermisjon må ein ha vore tilsett i Sør-Fron kommune samanhengande i minst 2 månader.

Søknad om permisjon skal alltid sendast næraste overordna, avgjerdsrett følgjer av reglementet.

## 1.2 Lønsansiennitet

Sjå Hovudtariffavtala (HTA) kap.1, §12.

Permisjon med heil eller delvis løn avbryt ikkje opptening av lønsansiennitet. Det same gjeld sjuke- og svangerskapspermisjon (sjølv om delar av denne er utan løn) i inntil 2 år, og verneplikteneste/sivilteneste.

Permisjon utan løn for å utføre offentleg ombod og ombod i arbeidstakarorganisasjonar blir rekna med i lønsansienniteten.

Utdanningspermisjon utan løn på inntil 1 år blir rekna med i lønsansienniteten når utdanninga har relevans for vedkomande sitt arbeid i kommunen, sjå Hovudavtala (HA) del C , §6 .

## 1.3 Feriepengar

Viser til reglane i ferielova kap. III og reglane i folketrygdlova.

## 1.4 Pensjonsmedlemskap

Det er ulike reglar for i kva grad permisjon gjev rett til framleis medlemskap i tenestepensjonsordninga.







## 2.6 Eige bryllaup

For eige bryllaup:

**inntil 1 arbeidsdag**

Permisjonsdagen skal takast på bryllaupsdagen eller ein av dei næraste dagane, dersom dette er arbeidsdagar.

Avgjerdsrett: avdelingsleiar/tenesteleiar.

## 2.7 Andre velferdspermisjonar

Undersøking og behandling av lege, tannlege, fysioterapeut og kiropraktor skal leggjast til fritida, eller ved avspasering.

Ved behov for **heildagsfråvær** etter rekvisisjon av lege eller tannlege til **spesialist-teneste** blir det innvilga lønna permisjon. Dersom det ikkje er naudsynt med fråvær heile dagen vil det bli innvilga løna velferdspermisjon for det aktuelle tidsrommet.

Det blir gjeve velferdspermisjon utan **løn** ved følgje av næraste familiemedlemer til sjukehus.

Avgjerdsrett: avdelingsleiar/tenesteleiar.

## 2.8 Feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar

som ikkje er offentlege etter norsk kalender.

Permisjon utan lønn med høve til å jobbe inn dagane, sjå Arbeidsmiljøloven §10-8 punkt 4

Avgjerdsrett: avdelingsleiar/tenesteleiar.

## 2.9 Deltaking i hjelpekorps

Arbeidstakar som er knytt til hjelpekorps kan bli innvilga permisjon med løn i samband med redningsaksjonar i regi av politiet.

Avgjerdsrett: avdelingsleiar/tenesteleiar.



## 3 Permisjon for utføring av tillitsverv/ombod

Tilsette som vil søkje permisjon etter dette punktet **skal** varsle næraste overordna raskast mogleg.

### 3.1 Offentlege tillitsverv

Det blir vist til § 14.1 i HTA.

Def: Med offentlege tillitsverv meiner ein her ombod som er oppretta ved lov, eller med heimel i lov, og som vedkommande ikkje kan nekte å ta imot med mindre det ligg føre særskilte fritaksgrunnar. Som eksempel kan nemnast :  
Kommunestyremedlem, hovudutvalsmedlem, meddommar, skjønnsmann og rettsvitne.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

### 3.2 Offentlege tillitsverv på heil tid

Arbeidstakar som blir valt eller utnemnt til **stortingsrepresentant, ordførar, statssekretær** eller **andre offentlege tillitsverv på heil tid**, blir innvilga permisjon **utan løn** for valperioden.

Avgjerdsrett: Rådmannen

### 3.3 Politisk arbeid - nominasjonsmøte

Arbeidstakar som blir valt som utsending til **nominasjonsmøte** ved stortingsval, fylkestingsval eller kommuneval får nødvendig permisjon med løn for å delta på møta.

Avgjerdsrett: Rådmannen

### 3.4 Tillitsverv /stilling i arbeidstakarorganisasjonar

Arbeidstakar som blir valt / tilsett i fastløna tillitsverv i vedkommande organisasjon sine sentrale eller distrikts -/ fylkesorgan, eller som blir tilsett som funksjonær i sin organisasjon, blir innvilga permisjon **utan løn** i inntil 4 år.

Sjå elles HA Del B § 3 om tillitsvalde og verksemda sine gjensidige rettar og plikter.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon



### 3.5 Andre tillitsverv (humanitære, religiøse eller andre organisasjoner)

Kommunen kan etter konkret vurdering innvilge permisjon **utan løn** for utføring av andre tillitsverv.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 4 Permisjon for andre formål

Ved behandling av søknader om permisjon skal det stillast krav om at tilfredsstillande vikarordning blir etablert.

Det vil som hovudregel ikkje bli innvilga permisjon samanhengande etter pkt. 4.2 og 4.3. Det vil seie at arbeidstakar som har hatt slik permisjon må tiltre stillinga si og arbeide minst i 2 år i Sør-Fron kommune att før ny permisjon etter pkt. 4.2, og 4.3 kan bli innvilga.

Før permisjon evt. blir innvilga må arbeidsgjevar vurdere nøye behov for kontinuitet og dei problem som er knytt til rekruttering ved den enkelte arbeidsplass.

### 4.1 Overgang til ny stilling i Sør-Fron kommune eller interkommunalt selskap i regionen

Ved overgang til **ny fast stilling** i Sør-Fron kommune eller interkommunalt selskap i regionen som Sør-Fron deltek i, kan det ved **visse høve** bli innvilga permisjon:

**inntil 1 år**

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

Ved overgang til **vikariat** i Sør-Fron kommune eller interkommunalt selskap som Sør-Fron deltek i, kan det bli innvilga **nødvendig** permisjon.

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tenesteleiar.

### 4.2 Ny stilling utanfor kommunen

Det blir som **hovudregel ikkje** innvilga permisjon ved overgang til **fast stilling** utanfor kommunen.



Permisjon utan løn **kan** bli vurdert dersom det er eit **vikariat / engasjement** e.l. som gjev arbeidstakaren ei fagleg utvikling som er til nytte for kommunen.

Slik permisjon kan som hovudregel bli gjeve for: **inntil 1 år**

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

Permisjon ut over dette kan i særskilde høve utvidast med: **inntil 1 år**

Avgjerdsrett: Rådmannen

### 4.3 Permisjon utan løn etter 10 års fast tilsetting

Arbeidstakar som har vore fast tilsett i Sør-Fron kommune i **10 år** eller meir, kan få permisjon utan løn i **inntil 1 år** for å gjera noko anna, dersom arbeidssituasjonen gjev rom for dette.

Til dømes husbygging, reise, «sabbatsår». Det understrekast her at denne permisjonen ikkje kan gis for anna lønna arbeid i og utanfor kommunen.

Ny slik permisjon kan bli gjeve etter **5** nye års teneste.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon



## 5 Permisjonar med heimel i Arbeidsmiljølov og Hovudavtale

### 5.1 Generelt

For permisjon ved sjukdom/svangerskap/adopsjon/fosterforeldre/amming/omsorg for barn under 12 år - blir det vist til Folketrygdlova, Arbeidsmiljølova kap. 12, HTA § 8 og Sør-Fron kommune sitt permisjonsreglement pkt. 2.1.

### 5.2 Adopsjon

Permisjon ved adopsjon av barn under 15 år blir likestilt med svangerskapspermisjon, jfr HTA § 8.3. Dette gjeld likevel ikkje dei 3 vekene før fødsel som mor må ta ut. Det blir innvilga 14 dagar permisjon etter heimkomst ved adopsjon for den av foreldra som ikkje tek ut adopsjonspermisjon.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon.

### 5.3 Rett til fri med løn for svangerskapskontroll

Gravide har rett til fri frå arbeid med løn i samband med svangerskapskontroll når slik undersøking ikkje kan gjennomførast utanom arbeidstida. Fri frå arbeid med løn gjeld også for ultralydundersøking i svangerskapet, jfr. Arbeidsmiljølova § 12-1.

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tjenesteleiar.

### 5.4 Rett til fri med løn for amming

Arbeidstakar gis fri med lønn inntil 2 timer kvar arbeidsdag, for å amme sitt barn, i barnets første leveår.

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tjenesteleiar.

### 5.5 Retningslinjer for svangerskapspermisjon utan løn

Tilsette har rett på inntil 12 månader permisjon utan løn (heil permisjon) i tilknytning til den løna svangerskapspermisjonen. Tilsette som er aleine om omsorgen for barnet har rett til inntil to års ulønna permisjon etter denne regelen, jfr. Arbeidsmiljølova § 12-5.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon



## 5.6 Permisjon ved barns – og barnepassar sin sjukdom

Tilsette har rett på permisjon med lønn for nødvendig tilsyn ved barns sjukdom med **inntil 10 dagar** pr kalenderår for eit barn til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år og **inntil 15 dagar** for meir enn to barn.

Den same retten gjeld ved barnepassar sin sjukdom

når arbeidstakar må passe barn som følgje av at barnepassar følgjer eit anna barn ved utredning eller innlegging i helseinstitusjon

når barnet på grunn av sjukdom treng særskild oppfølging i form av legebesøk. mv. sjølv om barnet ikkje er sjukt eller pleietrengande den aktuelle dagen .

Foreldre som er aleine om omsorgen har rett til inntil 20 dagar pr kalenderår, og inntil 30 dagar for meir enn to barn jfr. Arbeidsmiljølova § 12-9, 5. ledd.

Den som har kronisk sjukt eller funksjonshemma barn kan søkje NAV om utvida rett til omsorgspermisjon. Permisjonsretten vil da gjelde til og med det kalenderåret barnet fyller 18 år. Jfr. Arbeidsmiljølova § 12-9, 3. ledd.

Vi presiserer at permisjon må vera nødvendig til dømes vil det ikkje vera grunnlag for å gje arbeidstakar permisjon ved barns sjukdom, dersom andre nære omsorgspersonar er friske og kan ta hand om barnet.

Vanleg legebesøk/kontroll på helsestasjon med barn må så langt som råd leggjast utanom arbeidstida, men dersom dette ikkje er mogleg vil det bli gjeve permisjon utan lønn

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tenesteleiar.

## 5.7 Rett til redusert arbeidstid – AML § 10-2, pkt 4

Arbeidsmiljølova § 10-2, pkt 4 har reglar om retten til redusert arbeidstid utifrå helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar.

Det er ein føresetnad for å innvilge slik permisjon at det kan etablerast **tilfredsstillande** vikarordning.

Når det gjeld permisjon som er grunngeve ut frå ønskje om meir **samvær med små barn** og problem med å skaffe barnetilsyn, vil det som hovudregel ikkje bli innvilga slik permisjon etter at barnet har fullført 2. klasse på skulen.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon



Etter nærare vilkår kan arbeidstakar ta ut avtalefesta pensjon frå fylte 62 år. Med arbeidsgjevars samtykke er det høve til å trappe ned arbeidsinnsatsen og ta ut forholdsmessig pensjon. Det kan gjerast avtale om dagleg redusert arbeidstid, eller arbeidsfrie periodar. Som hovudregel blir slike søknader innvilga, men for stillingar der deltid vil vera vanskeleg å gjennomføre må arbeidstakar vera innstilt på endring av ansvars/arbeidsoppgåver.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 5.8 Redusert arbeidstid av helsegrunnar

Arbeidstakar som blir delvis arbeidsufør, vil som hovudregel få innvilga redusert arbeidstid. Så langt råd er skal det leggjast til rette for at arbeidstakar får halde fram i sitt vanlege arbeid, dersom vedkomande ønskjer det. For stillingar der dette er vanskeleg å gjennomføre, kan det likevel setjast som vilkår at arbeidstakar får endra ansvar og/ eller arbeidsoppgåver.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 5.9 Permisjon ved langvarig sjukdom

Arbeidstakar som på grunn av sjukdom har vore borte frå arbeid **heilt eller delvis i samanhengande 1 år**, og som ikkje lengre mottak løn/sjukepengar frå Sør-Fron kommune, må søke permisjon frå stillinga si, dersom det framleis er behov for sjukepermisjon.

Ved vurdering av slike søknader skal det leggjast til grunn ei individuell vurdering. Det skal leggjast vekt på om det er sannsynleg at arbeidstakar kan koma attende til stillinga si innan rimeleg tid, og om arbeidsgjevar etter Arbeidsmiljølova § 4-2 kan leggja til rette arbeidssituasjonen slik at dette er mogleg.

I spesielle attføringstilfelle vil det kunne vurderast forlenging av arbeidstilhøvet. Det må her leggjast vekt på om søkar er under aktiv behandling, eller attføring som raskt fører vedkomande tilbake til stillinga si i kommunen.

Permisjon blir ikkje innvilga når det ligg føre vedtak om heil eller delvis uførepensjon, eller når arbeidstakar er under omskolering til yrke/stilling kommunen ikkje har behov for.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon



## 5.10 Pleie av nære pårørande i heimen ved slutten av livet

Ved pleie av nære pårørande som ligg for døden i heimen har arbeidstakar Jfr.

Arbeidsmiljølova § 12-10 rett til permisjon **utan løn** i inntil: **60 arbeidsdagar**

Nære pårørande er i dette tilfellet definert som:

Ektefelle/sambuar, barn, barnebarn, foreldre, besteforeldre eller søsken.

NAV kan innvilge pleiepenger som erstatning for tapt arbeidsinntekt for inntil 60 dagar. Den tilsette må sjølv søke NAV.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 5.11 Tillitsvaldopplæring med heimel i Hovudavtala (HA)

Permisjon med heil eller delvis løn kan bli innvilga for tillitsvalde, når arbeidsgjevar vurderer kurset som nyttig for vedkomande sine oppgåver som tillitsvald i kommunen:

Hovudtillitsvald eller felles tillitsvald får innvilga permisjon med full løn.

Tillitsvald på arbeidsplassen (plasstillitsvald) kan få innvilga permisjon med full løn for inntil 2 dagar pr kalenderår, og med 25% lønn for permisjonsdagar ut over dette. Jfr. HA del B, §3-6. I tillegg kjem rett til permisjon etter HA del B, §3-5.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

Kurs for andre valde representantar i arbeidstakarorganisasjonane (ikkje med heimel i HA)

Permisjon **utan løn** kan bli innvilga. Det er ein føresetnad at arbeidsgjevar reknar kurset som nyttig for vedkomande sine oppgåver i arbeidstakarorganisasjonen (døme er her: sekretær, leiar, nestleiar, kasserar, studieleiar, ungdomskontakt, likestillingskontakt, styremedlem, revisor, valkomité, arbeidsutval og verveutval i arbeidstakarorganisasjonen).

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 5.12 Deltaking i forhandlingar og møter i vedtektsfesta organ

Ved deltaking i og nødvendige førebuingar til lokale forhandlingar blir det innvilga permisjon med lønn.

Ved deltaking i sentrale forhandlingar blir det gjeve permisjon med løn, jfr. HA, del B, § 3-5.



Det kan ikkje utan tvingande grunn nektas permisjon med lønn i inntil 12 arbeids dagar pr. år for valde, faste medlemmar som skal møte i ein arbeidstakarorganisasjons:

Styrande (vedtektsfesta) sentrale organ

Styrande (vedtektsfesta) distrikts-/fylkesorgan

Øvste (vedtektsfesta) organ på distrikts-/fylkesplan

og dessutan til valde medlemmar og utsendingar for å møte i den enkelte arbeidstakarorganisasjons/hovudorganisasjons høgste organ (landsmøte/kongress og liknande) jfr. HA, del B, § 3-5.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 6 Utdanningspermisjon / kompetanseheving

Retten til utdanningspermisjon er heimla i Arbeidsmiljøloven § 12-11, og blir innvilga etter dei vilkår som kjem fram der.

Det vil bli lagt stor vekt på dei behov arbeidsgjevar har for auka eller ny kompetanse, samt å sørge for at arbeidstakaren får oppdatert / tilført ny kunnskap innafor sitt fagområde. Slik permisjon kan bli innvilga når arbeidssituasjonen på den enkelte arbeidsplass gjev rom for det. Det er ein føresetnad at det kan etablerast **tilfredsstillande vikarordning**. Jfr. HA, Del B, § 7.


**Arbeidsgjevar** har som målsetjing å leggje til rette for at arbeidstakarar får høve til å skaffa seg ny kompetanse, og at denne seinare blir nytta til det beste for Sør-Fron kommune. Dette kan gjerast ved overgang til anna stilling / vikariat, jobbotasjon og deltaking i tverrfaglege prosjekt.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

### 6.1 Søknadsfrist og dekking av utgifter ved utdanningspermisjon

Det skal søkjast om utdanningspermisjon i god tid før skule / kursstart. **Permisjon med heil eller delvis løn** kan bli innvilga. Graden av økonomisk støtte til utdanningspermisjon vil vere avhengig av **kor relevant utdanninga** er i høve til Sør-Fron kommune sitt behov for kompetanse og i høve til budsjettet:

Legitimerte studieutgifter:



Etter konkret vurdering kan arbeidstakaren få dekkja legitimerte utgifter.

Legitimerte utgifter kan vere: semesteravgift, eksamensavgift, kopipengar, litteratur og reise.

I samband med utdanningspermisjon, blir det i **tillegg** innvilga løna permisjon for **eksamensdagen** samt **2 lesedagar** før kvar eksamen, dersom desse dagane fell på arbeidsdagar.

Ved heimeeksamen som strekker seg over fleire dagar, blir det ikkje gjeve permisjon til lesedagar, men inntil **3 dagar lønna permisjon** for eksamensdagar.

Når det blir søkt om utdanningspermisjon som arbeidsgjevar **ikkje** reknar som tilstrekkeleg relevant for kommunen, kan permisjon **utan løn** bli innvilga.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tenesteleiar - for eksamensdag og lesedagar

I særskilde høve kan det vurderast å gje støtte ut over dette.

Avgjerdsrett: Rådmannen

## 6.2 Bindingstid

Definisjon: Bindingstid er den tid som arbeidstakar blir pålagt å gjere teneste i kommunen etter avslutta utdanning, og er berre aktuell i dei tilfella der kommunen gjev økonomisk støtte.

Bindingstid **skal** avtalast dersom kommunen gjev økonomisk støtte som tilsvarar **minst 3 månadsløner**. Avtale om bindingstid kan skje for maksimalt 2 år, og skal som hovudregel bli å rekne til 2 gonger den tid det er gjeve tilsvarande løn for.

Blir arbeidstakaren **pålagt** å ta utdanning, gjeld det **ikkje** bindingstid.

Ved brot på avtale om bindingstid, eller dersom utdanninga ikkje vert fullført, kan arbeidsgjevar krevja at den økonomiske støtta blir tilbakebetalt.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon

## 6.3 Fagprøve på grunnlag av allsidig praksis i faget

Tilsette som ønskjer å ta fagbrev/sveinebrev etter § 3-5 i Opplæringslova, må dokumentere kva slag og kor mykje praksis som manglar. Det er

Fagopplæringsseksjonen i fylkeskommunen som vurderer og godkjenner praksis.



Dersom det er nødvendig å få komplettert praksisen, vil arbeidsgjevar prøve å leggje til rette for dette gjennom jobbrotasjon. Kandidatane i deltidsstillingar som i kompletteringsperiodane må arbeide i inntil 100 % stilling, må vente til det blir ledige vikariat evt. faste stillingar for ei kortare periode.

Opplegg for teorigjennomføring skal drøftast med næraste overordna, slik at undervisninga i all hovudsak blir lagt utanom arbeidstid. Dersom det ikkje er mogleg vil undervisning som fell i arbeidstida bli kompensert med **permisjon med løn**.

Dersom kandidaten får nettoutgifter i samband med gjennomføring av teoridelen, kan vedkommande søkje arbeidsgjevar om å få dekt legitimerede utgifter.

Avgjerdsrett: Kommunalsjef for personal og organisasjon.

#### 6.4 Fagkurs, møter, seminar, konferansar o.l.

Permisjon med løn og dekking av reise- og opphaldsutgifter blir normalt gjeve for kortare kurs o.l. der føremålet er oppdatering innanfor den tilsette sitt fagområde.

Kurs på fridager kan bli kompensert med lønn eller avspasering etter avtale med nærmaste leiar.

Avgjerdsrett: Avdelingsleiar/tenesteleiar



# Generelt

## 6.5 Søknadsprosedyre

Kommunens søknadsskjema skal nyttast ved søknad om permisjon.

Søknader om permisjon skal gå tenesteveg til nærmaste leiar.

Ligg avgjerdsretten hos rådmannen eller kommunalsjefen skal tenesteleiar gje si tilråding.

Søknadene skal innehalde samla kostnader, kursprogram o.l., og klart gjere greie for kva vedkomande søkjer om av ytingar frå kommunen.

Alle vedtak etter permisjonsreglementet skal sendast søkaren skriftleg.

Vedtaket skal syne til aktuell regel, og dersom det er avslag, skal svaret grunnjevast.

Ved permisjon utan løn , skal kopi av permisjonsvedtaket sendast lønskontoret med beskjed om timar som skal trekkjast og kontering.

## 6.6 Tvist om forståelsen av reglementet.

Avgjerd i permisjonssaker etter Sør-Fron kommune sine permisjonsregler er ikkje enkeltvedtak etter Forvaltningslova, og det er difor ikkje klageadgang.

Tvist om forståelsen av reglementet skal avgjerast av rådmannen.

## 6.7 Revisjon av reglementet m.m.

Rådmannen kan gje dispensasjon frå reglane i dette reglementet.

Kommunestyret vedtek endringar i reglementet etter innstilling frå rådmannen.

Redaksjonelle endringar og oppdatering i høve til lov- og avtaleverk som får følgjer for reglementet, blir gjort av rådmannen.

